

06

Årsmelding 2006

Om Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd er eit nasjonalt forskingsstrategisk og forskingsfinansierande organ. Forskingsrådet er den viktigaste forskingspolitiske rådgivaren for Regjeringa, departementa og andre sentrale institusjonar og miljø med tilknytning til forskning og utvikling (FoU). Vidare arbeider Forskingsrådet for eit løft både når det gjeld økonomi og kvalitet i norsk FoU og for å fremje innovasjon, i samspel mellom forskingsmiljøa, næringslivet og den offentlege forvaltninga. Forskingsrådet skal identifisere behov for forskning og foreslå prioriteringar. Gjennom målretta finansieringsordningar skal Rådet medverke til å setje i verk nasjonale forskingspolitiske vedtak. Andre viktige oppgåver er å fungere som møteplass mellom forskarar, brukarar av forskning og dei som finansierer forskning, og å medverke til internasjonalisering av norsk forskning.



Føreord: Samspel i forskingssystemet

Dei nordiske landa er sterkt framme både når det gjeld velferd og økonomisk vekst, og som kunnskapsnasjonar med gode resultat på vitskapsområdet. Noreg ligg ikkje lengst framme, men Forskingsrådet sin visjon er at vi skal bli ein leiande kunnskapsnasjon.

Forskning og utvikling har aldri vore viktigare. Forsking formar forståinga av menneske og samfunn og legg grunnlag for problemløysing og våre evner til nyskaping. Å meistre utfordringane våre er å meistre kunnskapsutfordringane. Det er dette perspektivet Forskingsrådet legg til grunn for den forskingspolitiske rådgjevinga vår. Rådgjevarrolla legg på oss eit stort ansvar. Vi må bidra til høge ambisjonar og til at innsatsen blir retta inn slik at vi får mest igjen.

Forskingsrådet bruker no meir av tida i rådgjevarrolla. Eit gjennomslag som rådgjevar byggjer på evna til å spele saman med resten av forskingssystemet. Vi arbeider gjennom nettverk og møteplassar. Vi ser tydelegare enn før at gode kunnskapsnettverk – nasjonalt og på tvers av landegrensar – også er ein av dei viktigaste føresetnadene for å ta i bruk kunnskap. Derfor prioriterer

vi arbeidet med å skape møteplassar som utviklar gode nettverk og byggjer alliansar. Dette har også prega 2006.

Men Forskingsrådet er ikkje minst ein fordelingsarena for pengar til forskning. Mange ser mot Forskingsrådet, og våre vedtak har store konsekvensar for den enkelte forskar og forskargruppe. Vi legg stor vekt på å skape prosessar som gir tillit til at vedtaka er gode. Dette er ei stor oppgåve, men også her spelar vi saman med heile forskingssystemet. Dei fleste faglege vurderingar og vedtak blir gjorde av nasjonale og utanlandske fagekspertar, anten som «referees» eller i komitear og panel. Men Forskingsrådet har sjølv sagt ansvaret for opplegg og rammer for dette viktige arbeidet.

Å velje dei beste og mest nyskapande forskingsprosjekta er den fremste oppgåva. Samtidig må mykje av forskinga

rette seg mot samfunnsutfordringane. No i starten av 2007 står utfordringane knytte til global oppvarming klarare enn nokon gong før. Og ingen tvilar på at det er forskning som er nøkkelen – for å forstå klimaendringane, for å forstå og førebu tiltak med tanke på samfunnsmessige konsekvensar, og for å utvikle ny teknologi. Forskinga må kritisk granske utviklinga og tolkingane av kva som skjer, og konstruktivt leggje grunnlaget for evna til å takle utfordringane.

Arvid Hallén
administrerende direktør

Melding frå hovudstyret 2006

Forskningsrådet er det sentrale utøvande og rådgivande forskingsstrategiske organet for styresmaktene, og har gjennom 2006 arbeidd med ei rekkje spørsmål som har mykje å seie for norsk forskning. Fleire av sakene er oppfølging av tiltak og prioriteringar i stortingsmeldinga *Vilje til forskning*. Gjennom budsjettforslag gav Rådet innspel om ein vekst i forskingsbudsjetta i samsvar med opptrappingsmåla.

Særleg viktige saker i 2006 har vore:

- ▶ Utarbeiding av ein forskingsstrategi for nordområda og oppfølging av nordområdestrategien til regjeringa.
- ▶ Den langsiktige forskinga er styrkt gjennom utnemning av 14 Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) og åtte nye Senter for framifrå forskning (SFF).
- ▶ Førebuande arbeid med Det internasjonale polaråret (IPY), som varer frå 1. mars 2007 til 1. mars 2009.
- ▶ Stor innsats for å gjennomføre satsingar retta mot dei tematiske og teknologiske prioriteringane i Forskningsmeldinga.
- ▶ Eit omfattande arbeid med utvikling av internasjonale samarbeidsrelasjonar, med særleg vekt på EUs 6. og 7. rammeprogram for forskning og teknologisk utvikling.
- ▶ Utgreiing og etablering av fleire næringsretta satsingar, som for eksempel Verkemiddel for regional FoU og innovasjon (VRI).

Framleis høge mål for norsk forskning

Forskningsmeldinga sette høge mål for norsk forskning, og forskingspolitikk har stått høgt på dagsordenen dei siste åra. Likevel er vi framleis langt unna måla for forskningsinnsats. Det må satsast på fri grunnforskning, dei prioriterte temaene og på mobilisering av FoU i næringslivet.

Norske verksemder forskar mindre enn gjennomsnittet i OECD og ligg særleg langt unna innsatsen i våre naboland.

Nå viser analyser frå NIFUSTEP at norske bedrifter er meir innovative enn indikatorane i EUs scoreboard fangar opp. Verksemdene utnyttar i høg grad FoU og innovasjon gjennom nettverk med kundar og leverandørar. Det viser seg at samspelet mellom verksemdene og den offentlege satsinga på FoU er heilt sentralt. Eit tett nasjonalt nettverk for kunnskapsutvikling og deling av kunnskap, har vore ein føresetnad for den positive situasjonen i norsk næringsliv. Derfor er ein sterk offentleg forskningsinnsats gjennom gode verkemiddel svært viktig. Derfor har Hovudstyret sett det som sentralt å fremje budsjettframlegg som kan bidra til å realisere ambisjonane om ein offentleg innsats på 1% av brutto nasjonalproduktet (BNP).

Det var skuffande for styret at mange av vekstforslaga ikkje let seg realisere. Målet i forskningsmeldinga om at næringslivet bør ha ein forskningsinnsats på 2 prosent av BNP må haldast fast som eit langsiktig mål og dette krev målretta innsats for å bygge opp større kapasitet gjennom rekruttering og utstyrsinvesteringar.

Kvalitet

Forskningsrådet skal fremje kvaliteten i norsk forskning gjennom nasjonale konkurransearenaer for forskingsmidlar og gjennom evalueringar. Det er gledeleg at fleire teikn tyder på ei positiv utvikling. Mellom anna blir det sitert artiklar med norske forfatarar stadig oftare, og norske institusjonar konkurrerer godt innanfor EUs rammeprogram. Sentera for framifrå forskning (SFF) har vist seg særattraktive for gode forskarar frå

utlandet. Samtidig rapporterer fagevalueringar om svake punkt innanfor dei fleste faga.

Senter for framifrå forskning

SFF-ordninga vart sett i gang i 2003 som eit kvalitetsfremjande tiltak. I 2006 vart det gjennomført ei midtvegsevaluering av dei 13 sentra. Hovudstyret registrerer tilfreds at ni av sentra vart dømde som «exceptionally good». Ordninga er med på å endre forskingsorganiseringa og har gitt auka internasjonal merksemd for sentra. Parallelt med midtvegsevalueringa vart det gjennomført ei ny utlysing, som resulterte i oppretting av åtte nye SFF-ar, med oppstart i 2007.

Evalueringar

Evalueringa av farmasøytisk forskning vart ferdigstilt i 2006, mens evaluering



av økonomi- og historiefaget vart sett i gang. Det er laga ein oppfølgingsplan for fagevalueringa av ingeniørvitskaplege fag i 2005 med etablering av fleire strategiske prosjekt ankra i leiinga ved institusjonane. Det vart også etablert ein eigen fagkomité for finansiering av den frie, grunnleggjande forskinga i teknologiske fag med første utlysing i 2007.

MNT-strategi

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har Forskringsrådet utarbeidd eit utkast til Nasjonal strategi for å styrkje grunnforskning i matematikk, naturvitenskap og teknologi (MNT), i nær dialog med Universitets- og høgskolerådet, fagmiljøa og departementet.

I strategiutkastet har rekruttering fått ein viktig plass. Dei viktigaste tiltaka vil vere å stimulere interessa for realfag hos barn, unge og lærarar, vidareutvikle gode system for rekruttering på alle nivå og særleg auke kvinnetalet, samt sikre attraktive forskingsgrupper med gode rammevilkår.

Utstyr og annan infrastruktur

Utstyrssituasjonen er ein nøkkelfaktor både for kvalitet og kapasitet i norsk forskning. Forskringsrådet har i 2006 ferdigstilt førsteutkastet til ein nasjonal strategi for vitskapleg utstyr og infrastruktur for alle fag, og vil i 2007 arbeide vidare med dette fram mot ein konkret handlingsplan. Her vil både utstyr, annan forskingsinfrastruktur og driftsmidlar til eksperiment, kvalifisering av resultat og verifisering av effektar av forskning inngå.

Basisfinansieringssystem for instituttsektoren

Forskringsrådet har i 2006 utarbeidd eit forslag til eit nytt finansieringssystem for instituttsektoren. Det har vore ei overordna målsetjing å få fram eit einskapleg, resultatbasert system som kan hjelpe til å heve FoU-kvaliteten samtidig som institutta vidareutviklar si hovudrolle for bruksretta forskning gjennom oppdragsmarknaden. Forslaget har også som mål å sikre like konkurransevilkår og vere opne rundt fastsetjing av basistilskot. Systemet vil også kunne tydeleggjere og styrkje Forskringsrådets strategiske ansvar i samsvar med føresetnadene i Forskringsmeldinga.

Kjønnsbalanse

Betre kjønnsbalanse er vitalt for å oppnå dei ambisiøse måla som er sette for norsk forskning med omsyn til rekruttering og satsingsområde. Det er i 2006 laga eit framlegg til eit policydokument som vil setje tydelegare krav til søkjarar og systematisk integrering av kjønns- og likestillingsperspektiv i satsingar og program.

Forsking for innovasjon

Senter for forskingsdriven innovasjon

Hovudstyret gav i 2006 også klarsignal til å opprette 14 Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI). Styret forventar at SFI-ane vil styrkje innovasjon gjennom satsing på langsiktig forskning i eit nært samarbeid mellom forskingsintensive bedrifter og framståande forskingsmiljø. Vertsinstitusjonane utgjer forskingsinstitutt og universitet, samt éi forskningstung bedrift. Sentra representerer eit breitt spekter av forskningstema.

Brukarstyrt innovasjonsarena (BIA)

Den gjennomgangen innovasjonsdivisjonen hadde av verkemidla i 2005, førte til etablering av ei støtteordning med tilbod til bedrifter med høge FoU-ambisjonar: Brukarstyrt innovasjonsarena (BIA). Ordninga gjeld innanfor alle bransjar som ikkje eksplisitt blir omfatta av andre ordningar. Ein gir støtte til krevjande prosjekt med stor risiko, men med stort potensial for innovasjon og verdiskaping. Meir enn halvparten av FoU-investeringane i norsk næringsliv skjer i bedrifter som har BIA som sitt einaste programtilbod i Forskringsrådet. Tilfanget av gode næringsretta prosjekt i næringslivet vurdert etter søknadsmengd og kvalitet på søknader, indikerer at det er eit stort potensial for auka private investeringar i forskning.

På programsida har Rådet utgreidd eit nytt program for industriell utnytting av naturgass. Dette vart følgt opp med tilskot for 2007 og GASSMAKS-programmet (Program for økt verdiskaping i naturgasskjeden) er dermed etablert. Det er rekna at GASSMAKS på sikt har eit årleg verdiskapingspotensial på meir enn ti milliardar kroner. Programmet skal gå frå 2007 til 2016.



Verkemiddel for regional FoU og innovasjon (VRI)

VRI er Forskringsrådets nye regionale satsing. Målet er å fremje kunnskapsutvikling, innovasjon og verdiskaping gjennom regional samhandling og ein forsterka FoU-innsats i og for regionane. Fleire av Forskringsrådets regionale verkemiddel er vidareførte i VRI, og koordinerte på ein betre måte. I tillegg er det skissert nye verkemiddel.

Samarbeid med andre aktørar

Forskringsrådet har saman med Innovasjon Noreg foreslått ei satsing for å tiltrekkje FoU-aktivitetar og -investeringar frå utanlandske bedrifter til Noreg, kalla «Invent in Norway». Arbeidet vil bli følgt opp i 2007 gjennom forsøksprosjekt og vidare konkretisering.

Hovudstyret har følgt opp ambisjonen om eit tett samarbeid med dei andre aktørane i verkemiddelapparatet. Saman med Innovasjon Noreg og SIVA lanserte Forskringsrådet ein felles nettportal i 2006, *innovasjonstjenester.no*. Portalen rettar seg mot bedrifter som er engasjerte i forskning og utvikling, og skal gjere det lettare for bedrifter og andre næringslivsaktørar å orientere seg i dei mange ulike støtteordningane og tenestene.

Tematiske satsingar og forskning for politikkkutforming

Store programmer er viktige for realisering av dei nasjonalt prioriterte tema- og teknologiområda.



Foto: xxxxxxxx



Dei viktigaste aktivitetane for oppfølginga er Forskringsrådets sju store program:

FUGE – Funksjonell genomforskning
HAVBRUK – ei næring i vekst
NANOMAT – Nanoteknologi og nye materialer
NORKLIMA – Klimaendringar og konsekvensar for Noreg
PETROMAKS – Maksimal utnytting av petroleumsreservane
RENERGI – Framtidas reine energisystem
VERDIKT – Kjernekompetanse og verdiskaping i IKT

Desse programma omfattar grunnleggjande og bruksretta/næringsretta forskning, rettar seg mot både forskingsinstitusjonar og næringslivet, og adresserer kunnskapsbehov på tvers av sektoransvaret i departementa. Alle dei store programma er vel etablerte, godt synlege, og har mobilisert breitt og skapt engasjement hos aktørane i forskings-Noreg. Samarbeid mellom ulike aktørar og ein heilskapleg innovasjonspolitik vil vere avgjerande for å realisere verdien i den kunnskapen og teknologien ein utviklar.

Bidraget forskinga gir, er avgjerande for å forstå, hindre og avgrense klimaendringar. Samfunnsutviklinga i både rike og fattige land må tilpassast venta endringar. Dei mest dramatiske konsekvensane kan ein vonleg unngå gjennom utvikling av ny teknologi. Forskringsrådets hovudstyre meiner at Noreg kan gi monalege bidrag gjennom FoU for CO₂-handtering og fornybar

energi, og vil arbeide for ei auka satsing på desse felta.

Ein nasjonal plan for klimaforskning er utarbeidd og oversendt Miljøverndepartementet.

Etter at regjeringa flagga høge ambisjonar for si nordområdesatsing allereie før jul i 2005, arbeide Forskringsrådet fram ein eigen forskingsstrategi under namnet *forskning.nord*. Strategien la vekt på breie ambisjonar som vil kunne vere robuste utover eit petroleumsperspektiv. Det var viktig å understreke at det både skulle handle om *forskning i og forskning for nord*, altså slik at ein får til ei nasjonal mobilisering og deltaking i forskingsmiljøa. I desember lanserte Regjeringa sin samla strategi for nordområda. Sett frå Forskringsrådets side er det gledeleg at regjeringa har lagt stor vekt på kunnskapsperspektiv og behov for forskning.

Parallelt med strategiarbeidet for nordområda har ein frå norsk side teke aktivt del i førebuingane til det internasjonale polaråret (IPY) 2007–09. Hausten 2006 tildelte ein nesten 300 millionar kroner til 26 ulike norskleidde prosjekt.

Fleire av forskingsprogramma har stor relevans for politiske vegval. Dette viste seg til dømes i samband med debatten om sjukelønsordninga hausten 2006. På førespurnad frå det regjeringsoppnemnde utvalet som vurderte alternative løysingar, viste det seg å være heile 42 prosjekt som hadde relevant og verdifull informasjon til utvalet. Ei

anna satsing er *Europa i endring*, som er ei oppfølging av Forskringsmeldinga, og har som mål å styrkje kunnskapsgrunnlaget både om europeiske endringsprosessar og om Noregs rolle i Europa. I 2006 vart også programmet *Miljø 2015* etablert. Det byggjer på eksisterande program og vil i tillegg til klimarelatert forskning bli vår viktigaste miljøatsing i kommande tiårsperiode.

Internasjonalisering

Internasjonaliseringa av norsk forskning vil halde fram med stor kraft i 2007. Noreg gjer det bra i EUs rammeprogram, og det er framleis vekst i den sampubliseringa norske forskarar gjer med utanlandske kolleger. Hovudstyret meiner at internasjonalisering av norsk forskning må ha høgaste prioritet, og vil i 2007 intensivere arbeidet for at norske forskingsmiljø skal auke sitt internasjonale engasjement.

EUs rammeprogram

Hovudstyret har i perioden lagt stor vekt på internasjonalisering av norsk forskning som eit strategisk verkemiddel. I tida som kjem vil det internasjonale perspektivet bli stadig meir sentralt i norsk forskingspolitikk. Noreg har teke del med 840 prosjekt i EUs 6. ramme-program for forskning og teknologisk utvikling (6RP) 2003–06. Det svarer til 10 prosent av alle vedtekne prosjekt, noko som er høgare enn i dei føregåande rammeprogramma. Utteljinga for søknader med norsk deltaking er vel 26 prosent, rundt 8 prosentpoeng høgare enn snittet. Institutta stod for 35 prosent av den norske deltakinga, bedriftene rundt 30 prosent og UoH-

sektoren 23 prosent. I Europakommisjonen oppsummering av resultatene per mai 2005 blir Noreg lyft fram som ein av «top-five performers».

Forskringsrådet har arbeidd aktivt for å fremje synergjar mellom deltakinga i EUs rammeprogram og vår eiga programsatsing slik at vi på område med felles prioriteringar kan forsterke den norske innsatsen. Forskringsrådet tek del i 32 av dei vel 60 igangsette ERANET-satsingane, samarbeid mellom forskingsfinansierande organisasjonar i Europa.

I desember 2006 godkjende EU sitt neste rammeprogram (7RP), som skal gå i perioden 2007–13. Forskringsrådet har medverka til innhaldet i 7RP gjennom politiske innspel og faglege bidrag i direkte kontakt med Europakommisjonen. Det er bygd sterke relasjonar til Kommisjonen, og i 2006 lykkast Forskringsrådet med å få utplassert fem nordmenn som sakshandsamarar i Forskringsdirektoratet (DG Research) i Brussel.

Bilateralt forskingssamarbeid

Bilaterale tiltak er stimulerings- og nettverkstiltak som skal leie fram til nye samarbeidsprosjekt innanfor vanleg portefølje. Tiltaka er møtt med stor interesse i fagmiljøa. Forskingssamarbeidet har vore intensivert med prioriterte samarbeidsland, som omfattar Nord-Amerika, Japan, Kina, India og Sør-Afrika. Nordisk forskningssamarbeid er styrkt gjennom NordForsk, NICE, sektorprogramma energi, landbruk, skog, fisk, samt Nordic Centres of Excellence (NCoE).

Samarbeid med dei nye medlemslanda i EU har vore betydeleg, knytta til dei moglegheitene dei norske bidraga gjennom EØS-midlane har gitt. I ei rekkje prosjekt som er etablerte under ordninga, inngår norske forskingsmiljø som viktige partnarar. Opprettinga av eit polsk-norsk forskingsfond frå 2007, med ei samla ramme på 120 mill. kroner, er kanskje det viktigaste resultatet.

Hovudstyret har oppretta ei ny storsatsing for å styrkje og byggje opp gode norske forskingsmiljø innanfor global helse- og vaksinasjonsforskning. Globalt bruker ein mindre enn 10 prosent av offentlege og private investeringar i helseforskning til å studere dei helseproblema som står for 90 prosent av sjukdomsbøra, og i Noreg har investeringane i denne typen forskning vore enda lågare.

Samfunnsdialog og allmennretta formidling

Forskringsdagane

Forskringsrådet har vidareført arbeidet med samfunnsdialog og allmennretta forskingsformidling, mellom anna gjennom den nasjonale festivalen *Forskringsdagane*. Det er eit årleg tiltak og eit av dei største i Europa når det gjeld brei forskingsformidling. I 2006 var det over 1 000 arrangement i regi av 200 arrangørar over heile landet, leidd av Forskringsrådet.

Forskringsdagane vart i 2006 med i det europeiske prosjektet WONDERS, der deltakarlanda utvekslar formidlingsarrangement. Forskringsrådet fekk i 2006 midlar frå EU til å medverke i *Researchers' Night*, ei europeisk satsing som skal gi informasjon om og auke interessa for rekruttering til forskarkyrket. Noregs bidrag vart gjennomført som eit ledd i Forskringsdagane.

Forskringsrådet har vidareutvikla sitt arbeid retta mot barn og unge, mellom anna gjennom det skoleretta tiltaket *Nysgjerrigper*, som no har 84 000 medlemmer i grunnskolen. Tiltaket blir møtt med interesse frå utlandet, og den såkalla Nysgjerrigpermetoden er mellom anna «eksportert» til Den skandinaviske skolen i Brussel.

Organisasjonen

Eigenevaluering

Kunnskapsdepartementet bad hovudstyret om å gjennomføre ei eigenevaluering av kva ein meiner er oppnådd i første periode etter omorganiseringa. Det vart naturleg nok teke utgangspunkt i dei målsetjingane som vart sette for det «nye» Forskringsrådet. Hovudstyret arbeidde med evalueringa i fleire møte og tok også inn divisjonsstyra.

Vurderinga i Hovudstyret konkluderer med at omorganiseringa har fungert godt, og mange av målsetjingane er realiserte, mellom anna større openheit og betre kontakt og samspel med forskingsmiljøa. Hovudstyret meiner at Forskringsrådets framtidige utfordring særleg ligg på å utvikle ei enda betre rådgivarrolle. Her er dialogen med departementa særleg viktig, men føresetnadene for betre rådgiving ligg dels i kapasitet og kompetanse i eigen organisasjon, dels i evna til å få fram gode innspel og utgreiingar frå fagmiljøa. Eigenevalueringa peiker også på at ein bør gjennomgå styringsrelasjonane mellom Rådet og departementa. I dag er særleg budsjettstyring svært detaljert, og styret ønskjer å utvikle forslag til korleis denne kan endrast slik at Forskringsrådets rolle kan utnyttast betre.

Organisasjonsstrategi

Det er i 2006 utarbeidd ein ny organisasjonsstrategi for perioden 2007–10. Strategien byggjer opp under Forskringsrådets overordna strategi *Forskning flytter grenser*. Samtidig er det utarbeidd etiske retningslinjer som er gjennomgått og drøfta i heile organisasjonen. I tillegg vurderer det interne habilitetsutvalet fortløpande problemstillingar som kjem opp i dei ulike programstyra slik at heile organisasjonen kan vedlikehalde og vidareutvikle ein høg etisk standard i arbeidet.

I 2004–05 vart det gjennomført eit pilotprosjekt som skulle prøve ut korleis ein ved hjelp av teknologi, lokale og nye arbeidsformer kan få til betre samarbeid, kommunikasjon og læring. I 2006 vart det vedteke å utvide prosjektet.



IT

Forbetnings- og vidareutviklingsarbeidet av den heilelektroniske eSak-løysinga er vidareført i 2006 med stor aktivitet. Alle søknader og framdriftsrapportar blir mottekne og behandla elektronisk. Dei samspelande IT-systema Agresso (økonomisystem) og DocuLive (arkivsystem) er oppgraderte. Eit stort forprosjekt om forbetring av nettsidene til Forskningsrådet vart sett i gang hausten 2006, og arbeidet med realiseringa er i full gang ved inngangen til 2007. Etter spørsmål frå universiteta sette Forskningsrådet hausten 2006 i gang arbeid med ein ny eSak-modul kalla eAdministrasjon. Den blir sett i drift våren 2007.

Resultat av verksemda

Dei samla inntektene for Forskningsrådet i 2006 var 5 554,9 mill. kroner. Av dette er tilskot frå departementa 5 345,2 mill. kroner. Utbyttet frå Fondet for forskning og nyskaping utgjorde 709,0 mill. kroner av inntektene i 2006, og er no den tredje største inntektskjelda. Driftskostnader som er både forskingsmidlar og administrative kostnader, var 5 130 mill. kroner. Årsresultatet for 2006 vart på 428,8 mill. kroner medrekna forskingsforpliktingar og administrative forpliktingar. Av dette er 427,7 mill. kroner auka forpliktingar, som går til å auke balanseførte forskingsforpliktingar. Resultatet på 1,1 mill. kroner etter forpliktingar blir disponerte mot Forskningsrådets eigenkapital og andre forpliktingar.

Brutto forskingsforpliktingar er 1 499,7 mill. kroner. Det gjer balanseførte forskingsforpliktingar på 1 226,0 mill.

kroner, som er ein auke frå året før. Det er inga uvisse knytt til rekneskapen som har noko å seie for å avleggje rekneskapen. Det har heller ikkje vore ekstraordinære tilhøve som påverkar rekneskapen etter at rekneskapen er slutført. Forskningsrådet ber liten finansiell risiko og er sjølvassurandør gjennom staten.

Budsjettoverføringar

Kvart år overfører Forskningsrådet ein del av tilskota til neste år. Ved siste årsskiftet viste overføringane ein stor auke. Hovudstyret ser store overføringar som eit politisk problem, og har arbeid målretta for å redusere overføringane så mykje som mogleg. Fleire tiltak er derfor sett i verk. Samtidig er det viktig å få fram at overføringar ikkje først og fremst er uttrykk for kapasitetsproblem eller dårleg framdrift i sakshandsaminga. Ein årsak er at det i eit konkurransebasert tildelingssystem alltid vil få «overbooking» og dermed ei viss oppstarttid for dei som får tilskot. Ein annan særskild viktig årsak er at Forskningsrådets tildelingar blir avklara like før budsjettåret startar. Statens tilskotsystem må derfor reknast som ei hovudårsak til det høge nivået. Alt dette vert forsterka av at ein har vore i ein vekstfase i norsk forskning.

Arbeidsmiljø/sjukefråvær

Forskningsrådet har eit kontinuerleg fokus på arbeidsmiljøspørsmål, og driv førebyggjande helsearbeid m.a. gjennom ulike treningstilbod administrerte av administrasjonen og/eller bedriftsidrettslaget, og oppfølging av sjukemelde.

Det totale sjukefråværet i administrasjonen er i 2006 3,7 prosent, som er lågt, men noko høgare enn 2005 (3,3 prosent). Sjukefråværsprosenten viser fråvær ved både eigen- og sjukemeldingar. Fråvær på grunn av sjukdom hos barn, pluss permisjonar, er som tidlegare ikkje tekne med i dette talet.

Forskningsrådet inngjekk mvf 1.1.2003 avtale om eit inkluderande arbeidsliv. Avtalen fører til at sjukemelde blir følgde opp tettare enn tidlegare. Det er grunn til å tru at avtalen derfor gjer sitt til eit lågt sjukefråvær.

Samarbeidet mellom leiinga og fagforeiningane på huset fungerer godt.

Miljøleiinga blir vidareført som ein integrert del av verksemda. Det er gjennomført tiltak for innsatsområda energi, transport, avfall og innkjøp. Forskningsrådet belastar ikkje det ytre miljøet med utslepp som kan føre til forureining.

Tilsette/likestilling

Forskningsrådets administrasjon utgjør per 31.12.2006 344,3 årsverk/354 personar.

Rådgivargruppa (rådgivarar og seniorrådgivarar) er den største stillingsgruppa med til saman 158,8 årsverk.

Per 31.12.2006 arbeider 36 personar (10 prosent) deltid, av desse er 29 kvinner.

Av 344,3 årsverk er 136,1 årsverk menn og 208,2 årsverk kvinner, noko som gir ein kvinnedel på 60,5 prosent. Desse fordeler seg slik: I senior-/konsulent-

gruppa 90,9 prosent kvinner, i rådgivar-gruppa (rådgivarar og seniorrådgivarar) 57,7 prosent, i spesialrådgivargruppa 40,4 prosent, i avdelingsdirektørgruppa 58,7 prosent og i direktørgruppa 50 prosent.

Hovudstyret og divisjonsstyra har eit minimum på 40 prosent kvinner.

Forskringsrådet har gjennom sine rutinar for tilsetjing forplikta seg til å ta likestillingsomsyn. Av 60 tilsetjingar i 2006 var 53 prosent kvinner fordelt på alle stillingsgrupper.

Lønn

Lønna for Forskringsrådets tilsette blir fastsett ut frå ei vurdering av stillings-innhald, prestasjon og marknadsvardi, og etter retningslinjer som følgjer av avtalen mellom Forskringsrådet og organisasjonane. Det fører til at lønna innanfor kvar stillingskategori kan variere. Det gjennomsnittlege lønnsnivået per 31.12.2006 er noko høgare for menn enn kvinner i leiarstillingar og i dei øvre sakshandsamarsjiktka. Situasjonen er motsett i konsulentgruppa og i det nedre sakshandsamarsjiktet. Forskringsrådet arbeider kontinuerleg med lønsspørsmål og vurderingar av særskilde tiltak.

Takk til dei tilsette

Hovudstyret rettar ein takk til dei tilsette i Forskringsrådet for stor innsats gjennom 2006.



Noregs forskingsråds hovudstyre per 1.1.2007. Bakarste rad frå venstre: Signe Bang, (1. vara frå dei tilsette), Peter Wesenberg (2. vara), Ole Henrik Magga og Knut Liestøl (leiar av divisjonsstyret for Store satsingar). Framme: Alf Bjørseth (leiar av divisjonsstyret for Innovasjon), Siri Kalvig, Eli Bergsvik (1. vara), Kari Melby (leiar av divisjonsstyret for Vitenskap) og styreleiar Geir Stene-Larsen. Unni Steinsmo (nestleiar) og representant for dei tilsette Bernt-Erik Heid, var ikkje til stades då bilete blei teke. Foto: Bård Gudim

Oslo, 21. desember 2006

2. mai 2007

I styret for Noregs forskingsråd

Geir Stene-Larsen

Geir Stene-Larsen
(leiar)

Unni Steinsmo

Unni Steinsmo
(nestleiar)

Knut Liestøl

Knut Liestøl

Kari Melby

Kari Melby

Alf Bjørseth

Alf Bjørseth

Siri Kalvig

Siri Kalvig

Ole Henrik Magga

Ole Henrik Magga

Bernt-Erik Heid

Bernt-Erik Heid
(repr. for dei tilsette)


Arvid Hallén

Arvid Hallén
(adm.dir.)

Nøkkeltal

Budsjett 2007


Tilskot frå dei einssilde departementa (generelle og særskilde midlar) og andre inntekter (i mill. kroner)



Totalt 5 592 millionar kroner


* Inkludert administrasjon, ekskl. særskilte forvaltningsoppdrag frå departementa

Budsjett 2007 fordelte på divisjonane (i mill. kroner)




Totalt 5 592 millionar kroner (inkl. administrasjon)


Utviklinga i viktigaste hovudaktivitetar i perioden 2002-06



Tildelingar fordelte på fagområde i perioden 2002-06 (i mill.kroner)




Samla tal på søknader og tilskot for perioden 2003-06



Tala i oversikta baserer seg på talet på søknader knytta til prosjektypane institusjonsstøtte, personleg stipend og prosjektstøtte som har søkt om midlar frå og med det nemnde året. Aktivita som er med i tabellen utgjorde over 60 prosent av Forskningsrådets totale tilskot i 2006.

¹ Samla tal for perioden 2003-06

Utviklinga i tildeling til ulike sektorar i perioden 2002-06



Resultatrekskap 1.1. – 31.12.2006

(1 000 kroner)	Note	2006	2005
INNETEKTER			
Generelle midlar	2	4 418 460	3 894 518
Særskilde midlar	2	926 715	726 327
Andre offentlege og private tilskot		183 692	147 939
Sals- og oppdragsinntekter		26 072	44 680
Sum inntekter		5 554 939	4 813 464
DRIFTSKOSTNADER			
Forskningsprogram	3.2	2 213 376	2 017 414
Frittstående prosjekt	3	714 391	677 461
Infrastrukturtiltak	3	1 270 203	1 394 662
Nettverkstiltak	3	342 946	238 397
Diverse FoU-kostnader	3	85 775	80 146
Forvaltning	3	208 924	93 233
Lønnskostnader	4	256 005	225 545
Ordinære avskrivningar	5	24 208	23 589
Andre driftskostnader	3	14 236	30 456
Sum driftskostnader		5 130 064	4 780 903
FINANSPOSTAR			
Finansinntekter		7 133	6 350
Rentekostnader		- 3 144	- 2 521
Andre finanspostar		- 1	- 1
Sum finanspostar		3 988	3 828
RESULTAT INKL. ADMINISTRATIV FORPLIKTING OG FORSKINGSFORPLIKTINGAR			
		428 863	36 389
Administrativ avsetning	15	- 10 598	10 066
Forskningsforpliktingar	14	438 316	17 095
RESULTAT ETTER ADMINISTRATIV FORPLIKTING OG FORSKINGSFORPLIKTINGAR			
		1 145	9 228
DISPONERINGAR AV RESULTAT ETTER ADMINISTRATIV FORPLIKTING OG FORSKINGSFORPLIKTINGAR			
Eigedomsfond	13	6 289	- 7 902
Investeringsfond	16	- 5 144	17 130
Sum disponeringar		1 145	9 228

Balanse 31.12.2006

